



Error!  
Not a  
valid  
filename.

## Sakspapir

Sakshandsamar:	<i>Christopher Marius Straumøy</i>		
Arkivsaknr.:	23/26	Klassering:	Gbnr- 157/60

### Klagehandsaming igangsetjingsløyve - gbnr 157/60 - Bergsvik - Buholmen - Naust

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen til følgje.

Grunngjeving er gjeve i saksutgreinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvalteren for endeleg avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Den 08.06.2023 var det gjeve dispensasjon til oppføring av 3 naust i formannskapet i Austrheim Kommune. Vedtaket lød slik:

##### FS vedtak:

Austrheim kommune gjev dispensasjon frå reguleringsplan (plan-id: 2006005) til rammeløyve for 3 omsøkte Naust på Buholmen.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Statsforvalteren i Vestland for klagevurdering.

Kommunen ga vidare løyve til igangsetjing den. 16.10.2023:

### **Vedtak**

**Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt gjeve igangsetjingsløyve til oppføring av 3 naust i rekka i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1, 23-3, 29-2, 29-4 og naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår:**

1. Det vert forutsett at nausta vert oppført i tråd med kommuneplanen sine overordna føresegner om naust.
2. Plassering av naust skal ikkje forringe bredda av vegen etter reguleringsplanens V3.
3. Det vert forutsatt at VA-leidningar som går under omsøkt naustrekka til gbnr. 157/60 og gbnr 157/81 ikkje teke skade, og at det sikrast forsvarleg tilkomst for vedlikehald av desse.

Det er komme inn to klagar. Den eine frå Anette Bergsvik og Espen Pedersen eigarar av gbnr 157/81:

### **KLAGE / MERKNAD PÅ ADMINISTRATIVT VEDTAK GJELDENDE TRE NAUST PÅ GBNR 157/60 LERØYVEGEN 101.**

Viser til motatt mail av 16.10.2023 gjeldende søknad om løyve til oppføring av tre naust på gbnr 157/60 m/ følgjande administrativt vedtak:

«Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt gjeve igangsetjingsløyve til oppføring av 3 naust i rekke i medhald av plan og bygningslova §§ 20-1, 23-3, 29-2, 29-4 og naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår:

1. Det vert forutsett at nausta vert oppført i tråd med kommuneplanen sine overordna føresegner om naust.
2. Plassering av naust skal ikkje forringe bredda av vegen etter reguleringsplanens V3.
3. Det vert forutsatt at VA-leidningar som går under omsøkt naustrekke til gbnr 157/60 og gbnr 157/81 ikkje tek skade, og at det sikrast forsvarleg tilkomst for vedlikehald av desse»

I kommentar fra Mestergruppen står det følgende:

#### **2. Merknad fra Anette Bergsvik og Espen Pedersen:**

Merknadsgiver frykter at plassering blir liggende over vann- og avløpsrør, og at dette kan vanskeliggjøre framtidig vedlikehold. Ifølge tiltakshaver vil dette ikke være problematisk, da det, om noe oppstår, vil være plass nok til utbedring og eventuell plassering ved siden av naustene. Det bemerkes også at det er installert vanntilførsel til naustene. Ifølge tiltakshaver ble dette gjort i forbindelse med tidligere planer, men er fjernet. Det er forøvrig ikke slike installasjoner å se på bildet vedlagt av Ivar Bergsvik i hans merknad. Dette anses derfor ikke som relevant i denne forbindelse.

*Kommunen vurderer etter dette at nabomerkader er ivareteke gjennom vilkår om i alle høve ikkje kan hindra omsøkt tiltak om 3 naust.*

Det er uklart hvordan kommunen har tatt hensyn til merknader angående kloakk- og vannledning i sitt administrative vedtak, med henvisning til punkt 3. Verken tegningene eller planene viser tydelig hvordan disse systemene er ivaretatt. Kommunens vurdering ser ut til å være basert på uttalelser fra Mestergruppen, som befinner seg i Bodø, og ikke på konkret dokumentasjon.

Per i dag er stakelumme for kloakk- og vannledning for 157/81 overfylt med steinmasse. Steinmasse som er tilført av 157/60 og som ikke er informert om. Ved at 157/60 tar en slik beslutning kan det føre til følgende:

Overbelastning av steinmasser kan redusere kapasiteten til kummen, som igjen kan føre til overbelastning og oversvømmelse i området rundt kummen.

Overbelastning av steinmasser kan også føre til blokkering av rør og avløp som er tilkoblet kloakkummen. Dette kan forårsake tilbakeslag av kloakkvann og potensielle oversvømmelser i tilknyttede bygninger og områder.

Strukturelle skader da store mengder steinmasser som legger press på kloakkummen kan føre til strukturelle skader, som sprekker eller deformasjon av kummen. Dette kan svekke kummen og potensielt føre til kollaps og ytterligere skader på infrastrukturen

Hvis en overbelastet kloakkum ikke klarer å håndtere kloakkvannet på riktig måte, kan det føre til lekkasjer og forurensning av nærliggende grunnvann, jord, overflatevann og økosystemer. Dette kan ha negativ innvirkning på miljøet og kan også utgjøre en helserisiko for mennesker og dyr i området

Med ref til ovenfor informasjon og konsekvenser fraskriver vi oss alt økonomisk ansvar, samt ansvar generelt og ber kommunen rydde opp i saken umiddelbart.

Videre er det kommet inn klage frå Ivar Harald Bergsvik og dei andre eigarane av gbnr 157/79 som omhandler vegtilkomst ned til naustområdet:

KLAGE / MERKNAD PÅ ADMINISTRATIVT VEDTAK GJELDENE TRE NAUST PÅ GBNR 157/60  
LERØYVEGEN 101.

Viser til motatt mail av 16. 10. 2023 gjeldende søknad om løyve til oppføring av tre naust på gbnr 157/60 m/ følgende administrativt vedtak frå kommunen:

*«Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt gjeve igangsetjingsløyve til oppføring av 3 naust i rekke i medhald av plan og bygningslova §§ 20-1, 23-3, 29-2, 29-4 og naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår:*

- 1. Det vert forutsett at nausta vert oppført i tråd med kommuneplanen sine overordna føresegner om naust.*
- 2. Plassering av naust skal ikkje forringe bredda av vegen etter reguleringsplanens V3.*
- 3. Det vert forutsatt at VA-leidningar som går under omsøkt naustrekke til gbnr 157/60 og gbnr 157/81 ikkje tek skade, og at det sikrast forsvarleg tilkomst for vedlikehald av desse»*

I søknaden fra Mestergruppen Arkitekter AS står det: «Situasjonsplanen viser omsøkt plassering. Plassering vil ikke komme i konflikt med V3.»

Dette mener vi er feil. Dersom naustet nærmest bnr 79 skal bygges inntil 1,5 m fra grensen, slik som situasjonsplanen fra Mestergruppen Arkitekter viser, så mener vi det ikke lar seg gjøre uten at nordøstre hjørne kommer et godt stykke inn i veien V3. Det vil forringe vår veirett. Viser her til vedlagt bilde tatt fra bnr 79. Derfor ber vi om at kommunen presiserer i pk. 2, eller i eget pk. i vedtaket, at det ikke kan gjøres endringer i traseen for V3. Vi mener og det bør være litt «luft» mellom naustene og V3. Dette kan gjøres ved å trekke naustrekken litt lenger ut mot sjøfronten. Da unngår en og at naustet nærmest bnr 79 kommer inn i V3. Etter vår mening er situasjonsplanen i søknaden noe misvisende når det gjelder avstanden mellom V3 og naustene dersom en legger til grunn at naustet nærmest bnr 79 bygges inntil 1,5 m fra grensen. Vedlagt bilde viser at spesielt naustet nærmest bnr 79 vil komme en god del lenger bak og inn i veien V3.

V3 ble bygget i 1997 samtidig med bygging av fellesveien V1. Gbnr 157/79 og gbnr 157/114 har tinglyst veirett i veien/traseen som ble opparbeidet i 1997, og som er vist i reguleringskartet som V3.

Vi ønsker og å gjøre kommunen oppmerksom på at eier av bnr 60 har plassert en god del steinmasser langs høyre side av V3 og inne på bnr 79. Steinmassene dekker over

stakekumme for kloakk og vann- og kloakkledning. Siden vi ikke har blitt kontaktet og informert om formålet med steinmassene, så ber vi kommune om hjelp til å få eier av bnr 60 til å ordne opp i dette.

Klagen er skrevet i samråd med de andre eierne av bnr 79, som er:

Liv Bergsvik

(Kjetil Bergsvik, Anette Bergsvik og Bente Bergsvik)

Roy Solheim

Austrheim 05.11.2023

Mvh

Ivar Bergsvik

### **Vurdering**

Når det gjeld klaga til Anette Bergsvik og Espen Pedersen kan ikkje kommundirektøren sjå anna enn at innvendinga og bekymringa rundt stakekummen er vareteke gjennom vilkår nr. 3 som lyd:

3. Det vert forutsatt at VA-leidningar som går under omsøkt naustrekka til gbnr. 157/60 og gbnr 157/81 ikkje teke skade, og at det sikrast forsvarleg tilkomst for vedlikehald av desse.

Kommunen presierer her at søkar sjølv er ein av to einingar som har desse VA-leidingane. Og kva gjeld eventuelle meirkonstanter ved eventuell tilkomst i framtida er slik kommunen vurderer saka av privatrettsleg høve. Steinmassane er heller ikkje plassert på omsøkt område og skal fjernast av søkar ved oppføring av nausta. Elles vurderer kommunen klaga som svart ut gjennom handsaminga av nabomerknaden som omhandla same forhold.

Klaga til Ivar Bergsvik m.fl. omhandler tilkost til naustområdet N3 i reguleringsplanen. I reguleringsplanen er tilkomsten lagt gjennom V3:



Ein ser på utsnitt frå reguleringsplanen av V3 er opparbeida litt til venstre samanlikna med planen. Når omsøkt naust oppførast skal søkar sørje for at V3 skal vere opparbeida i tråd med reguleringsplanen *utan* at nausta kjem i konflikt med den. Dette er også lagt som vilkår nr. 2 i igangsetjingsløyve:

**2. Plassering av naust skal ikkje forringe bredda av vegen etter reguleringsplanens V3.**

V3 er mykje smalare enn kva som syntas opparbeida av tilkomst i dag og søkar kjem til å justere dette slik at v3 vil vere i tråd med reguleringsplanen. Kommunen kan ikkje vektlegga at klagar ønskjer at tilkomst ikkje skal gå i tråd med reguleringsplanens V3.

**Konklusjon**

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klaga til følgje.

Saka vert sendt til Statsforvalteren for endeleg avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9

**Saksparter**

Ruben Johnsen Lerøyvegen 101 5943 AUSTRHEIM